

80.¹ Tone: Go dag godt folk i stova.

1. Eg sit paa vetle nuten rett opp for stova mi.
Eg stundom vert so suten, dar sviv meg glad aa fri.
Kvifyre slik ei *dreva* paa gagnlaust yrkje daa
Aa dar vor gaava gjeva so ingjen trong me sjaa.

2. Dei folk so fyl med tio gjev gaum paa gjerd aa ord
Aa dei so fara vio, rundt um vor heila jord
Dei faa me sjaa aa røyna aa høyra ting iblandt
Kori ein ikkje øyna ein fnugg av rett aa sant.

3. Ein so gjen heima *studla* ein ser aag litegran
Ein faar aag røyna fudla dei ting so skræma kan
Da er for meg ei gaata vert ikkje løyst av meg
At ein paa slike maata kan sjaa seg lukkeleg

4. Aa den so ser i saumen han vert no illa likt
Aa den so tek i taumen faar noko anna slikt
Aa vil ein sjaa i boki um rekningi er rett
Ein vert i bera broki på laaga hylla sett.

5. Ein kunne myje nemna, men da me alle sjaa
Korleis ein kava enna de berre faa aa raa
Eg berre ville seia her nokre sanninngs ord
De ikke rett aa teia. Naar lygni er so stor.

6. Aa du her er for mykkje av tull aa støy aa kram
So at ein ofta tykkje de *skrapeskap* aa skam.
Meir enkel skull ein være i kvar ei byggjeplan
Meir sjaa paa gagn aa æra, aa *baten* for vort land.

7. Dei mange millionar som lande laana træng
Tenk paa dei mange kroner so burt i øydsla gjeng
Aa jammen kun ein spara aa lova lika vel
Ein hadd daa ??? ein hadde inkje gjell.

8. Aa so ein maatte skaffa meir likheit i vort land
Alt fusk aa fantri straffa so strengt so gjerast kan
Aa ikkje rusdrykk finnast aa lagast i vort land
Daa ville mykkje vinnast som ei vurderast kan.

9. Men no i alle leidar ein ofsleg galskap raar
At soleis som ein reider, si seng ein liggja faar
Aa so ein skrik aa larma, Ein her kje leva kann
I detta turra arma, aa kalda norrigs land.

10. Mor norrig godt kan føda sin lille borneflokk
Men naar ho den skal *gjøda*, daa vert det ikkje nok
Det gjeldar visleg styrna av dei med rore sit
So at ein dela byrdna aa vinningi med vit.

1 Ref: Foto Bj_s129.TIF